



SAKSHANDSAMAR
Anne Midtrød

VÅR REF.
14/01860-44

DYKKAR REF.
16/11297-8


ARK. P - Plansaker
300 Førde kom. - SF

INNVALSTELEFON

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR DATO

VÅR DATO
21.01.2019



Se mottakerliste



Førde sentralsjukehus - Sjukehusparken gnr. 43/bnr. 85 - Vedtak om dispensasjon frå freding av parken på grunn av endring av Fv484 Vievegen

Vi viser til søknad av 10.11.2017 og til seinare møte og brevveksling. Det vart halde synfaring og møte 11.4.2018. Opplysningar om trea fekk Riksantikvaren 10.7.2018

Det er søkt om dispensasjon frå forskrift om freding av Sjukehusparken (Askeladden ID 148700-3) ved Førde sentralsjukehus 43/85 i Førde kommune. Grunnlaga for søknaden er vedteke reguleringsplan for Fv484 Vievegen, gang- og sykkelveg, og høyringsforslaget til «Detaljreguleringsplan for Førde Sjukehus», utarbeida av Nordplan. Planane inneber at parkareal går tapt til vegfaremål.

Ansvarleg sækjar

Ansvarleg sækjar er Statens vegvesen. Eigaren Helse Førde er, gjennom den tidlegare planprosessen og drøftinga av kven som er rett sækjar om dispensasjon, kjend med saka. Helse Førde gjorde det klart i møtet 11.4.2018 at dei tek til etterretningat Fylkesmannen si handsaming er avslutta og dei vil rette seg etter dei vedtaka som vert fatta i saka. Det er Helse Førde som er oppdragsgjevar for arbeidet med detaljreguleringsplanen for Førde sjukehus.

Tiltak det er søkt om

Det er søkt om å gjere inngrep i parken i samsvar med den vedtekne reguleringsplanen. Det inneber:

Tiltak 1: Byggje gang- og sykkelveg med grøft vest for eksisterande Vievegen der det i dag er park. Sjå vedlegg Ortofoto som syner veganlegg og park.

Tiltak 2: Leggja fylling (skråningsutslag) i varierende breidde frå kanten av gang- og sykkelvegen og ut i parken som vist på foto av pelane ved fyllingsfot.

Tiltak 3: Arbeidet vil og innebere at eksistrande vegetasjon for det meste blir felt og erstatta med nye tre.

Vegvesenet har og bedt Riksantikvaren sjå på saka om gang- og sykkelveg i samanheng med omlegging av «ambulanssekrysset».

I e-post av 11.12.2018 har Vegvesenet stadfesta at dispensasjonssøknaden også omfattar veganlegget langs Vievegen som er vist i plankartet datert 5.9.2018, «Detaljregulering Førde Sentralsjukehus».

Fredingsheimel og mynde

Parken er freda i forskrift, dagsett 9.11.2011 med heimel i kulturminnelova § 22a.

Riksantikvaren har i medhald av «Forskrift 9. november 2011 om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer», § 1-7, mynde til å gjere unntak frå vedtak om fredning.

Vedtak:

Med heimel i forskrift av 9. november 2011 om fredning av Statens kulturhistoriske eigedommar § 1-4 vert det gjeve dispensasjon til å gjere følgjande tiltak i den freda sjukehusparken ved Førde Sjukehus, gnr./bnr. 43/85 i Førde kommune:

Tiltak1: Byggje gang- og sykkelveg på del av Sjukehusparken langs Vievegen i breidde som vist på vedtatt reguleringsplankart.

Tiltak 2: Tilpasse veganlegget til parken ved å leggje skråningsutslag inn i parken og plante til i samsvar med intensjonane i opphavsleg parkplan.

Dispensasjonen er gyldig på følgjande vilkår:

Vilkår 1: Skråningsutslaget vert tilpassa parkens karakter utan markerte skilje.

Vilkår 2: Som erstatning for tapt areal i parken må snuplassen tilbakeførast til park slik den var opphavleg jf. eldre foto og planteplan frå 1976.

Vilkår 3: Det skal utarbeidast ein planteplan for arealet som blir omfatta av tiltaket. Planen skal vise både nyplanting og tre og buskar som skal bli tatt vare på. Planen skal leggjust fram for Riksantikvaren.

Vilkår 4: Ny dyrkingsjord som blir tilført parkanlegget må vere av god kvalitet tilpassa dei aktuelle artane.

Vilkår 5 : Tiltakhaver kostar fagkyndig vedlikehald av buskar og tre i dei nye delane av parken, dvs tidlegare snuplass og skråningsutslaget i minimum 3 år etter at parkdelane er ferdig opparbeidd.

Vilkår 6. Gang- og sykkelveg skal ha fall frå parken.

Når veg og park er ferdig opparbeidd skal det sendast dokumentasjon / fotodokumentasjon til kulturminnestyresmakta.

Dispensasjonen gjeld i 3 - tre - år frå vedtaket er motteke.

Grunngjeving

Sjukehusbygning og utomhusområdet vart freda ved endringsforskrift vedtatt 16.02.2012.

Førde sentralsjukehus er vedlegg 35 til forskrifta.

Formålet med fredinga av parken er å ta vare på det heilskaplege og planmessig opparbeidde grøntanlegget ved sjukehuset. Fredinga skal sikre sjukehuset sitt opphavlege grøntanlegg.

Parken kring sjukehuset er døme frå ei tid då ein planla heilskaplege anlegg der uteområdet skulle vere ein del av rehabiliteringa og møtestad for pasientar og pårørande. Planen for parken vart teikna av landskapsarkitekt Arne Olav Moen i 1976. Det var eit omfattande samarbeid mellom landskapsarkitekten, Landbrukshøgskulen på Ås og lokal planteskule om opparbeiding og val av plantar.

Dei engelske landskapsparkane var i struktur, planteval og samanstilling et førebilete for formgjeving på 1950- og 60 talet. «Planlegg, plant og plei» der mellom anna prinsipp for ammeplanting, ein viktig metode i dette anlegget, vart utvikla på denne tida.

Anlegget inneheld mellom anna plenareal, dammar, buskar, tre, smale asfalterte stiar, hekkar, japansk hage og lysarmaturar teikna særskilt for dette anlegget. Alt i ein integrert heilskap som også omfattar parkeringsarealet og atkomstvegen frå nord. Opphavleg strekte parkarealet seg heilt ned til internvegen i sør, dvs. sør for dammen, der det i dag er nybygg og parkeringsareal. Teikningar syner at det også var planlagt park sør for internvegen, ambulansevegen. Dette vart ikkje opparbeidd.

Parken er viktig både helsehistorisk og ved intensjonen om at utomhusanlegget skulle vere ein integrert del av sjukehusets verksemd for pasientar, tilsette og besøkande. Parken har og verdi som døme på eit heilheitleg og gjennomført parkanlegg frå 1970 tallet.

Då parken vart freda var alt halvparten av den søre delen omgjort frå park til parkering. Parkeringsflata ga uhindra sikt frå parken og vidare sørøver.

Registrering av situasjon og tilstand på trea i parken vart gjort i juni 2018 av arborist Erik Solfjeld på oppdrag frå Statens vegvesen. Bygginga av gang- og sykkelvegen får konsekvensar for 21 tre. Tilstanden på trea nerast vegen er dårlegare enn forventa. Dette går fram av liste der trea har fått nummer. Arboristen fortel at det sjeldan vert aktuelt å setje inn større ressurskrevjande tiltak for å ta vare på tre som er i ferd med å døy. Dei fleste trea er sembrafuru, men det er og ei vanleg småbladlind (*Tilia cordata*), ein busk av prydeple (truleg *Malus robusta*), ei vanleg furu (*Pinus sylvestris*), og to parkhagtorn (*Crataegus oxyacantha*).

Då parken vart oppretta var sembrafuru planta som eit belte langs Vievegen. Etter planteplanen skulle sembrafuruane plantast på ei rekkje med planteavstand 1,5 meter. I dei to rekkjene innanfor skulle ein plante kanadapoppel/goliatpoppel (*Populus x canadensis* 'Robusta'), som skulle vere ammetre. Det er ingen poplar igjen i anlegget. Planteplanen syner at trea skulle plantast i forband. Anlegget framstår i dag meir som ein lund der det er vanskeleg å oppfatte ein bestemt struktur. Fleire av furuane har røter som ligg eksponert i dagen og som har vore utsett for slitasje ved klipping av graset. Solfjeld meiner at nyplanting med vanleg furu kan vere eit alternativ til sembrafuru.

Generelt er sembrafuruane i dårleg tilstand. Dette kan skuldast at treslaget genetisk sett er betre tilpassa tørt og kjølig klima høgt over havet, at denne delen av parken er ueigna grunna tynt matjordlag, leire i grunnen eller dårleg drenering. Det kan og vere at frøa kjem frå eit sydleg område og difor er lite eigna så langt nord. Solfjeld meiner vanleg furu kan vere eit godt alternativ til sembrafuru, men at den vanlege furua (tre nr 14) bør ein ta vare på.

Riksantikvaren meiner at planting med sembrafuru bør prioriterast. Det må leggjast til rette for nyplanting gjennom best mogleg jordsmonn. Ny, men avgrensa, bruk av ammetre kan også vere aktuelt. Mange av furutrea er i ein dårleg tilstand. Sembrafuru i parken har om lag 5-10 års restlevetid. Det har heilt klart vore siktemålet at parken skulle ha den karakteren den får av sembrafuru med sin opprette vekst, og sine lange nåler. Sjølv om sembrafuru ikkje får ideelle veksttilhøve på denne staden og difor får kortare levetid enn optimalt, vel Riksantikvaren å prioritere den tilsikta verknaden av det opphavlege plantevalet. Vegvesenet må lage ein detaljplan for den delen av parken tiltaka gjeld. I detaljplanen må det vere tiltak for å ta vare på dei vekstane og dei trea som har god vitalitet, så som tre nr 1, 14, 20 og 21. Gjerne også tre nr 8 (prydeple) og 13 (sembrafuru). Planen må omfatte nyplanting og vedlikehaldstiltak for tre år. Riksantikvaren vil sjå planteplanen for å kunne gje kommentarar før arbeidet tek til.

Riksantikvaren har forstått at parkarealet som må leggjast om er om lag 1340m². Men med skråning tilpassa parken og utan markert overgang mellom park og skråningsutslag, vil omfanget av areal som blir endra auke til meir enn dette.

Endringane inneber ikkje eit vesentleg inngrep i sjukehusparken. Parken vil ved nyplanting og fagkyndig vedlikehald der det vert skråningsutslag kunne gje ein tilnærma lik oppleving for pasientar, pårørande og tilsette som før, og i tråd med intensjonen med anlegget.

Elles vil skuggeverknadene av nybygg der det først var park og deretter parkering, etter Riksantikvaren sitt syn, ha større negative konsekvensar for oppleving av parken og for vekstvilkåra i deler av parken, enn vegomlegginga. Men dette parkeringsarealet blei ikkje omfatta av fredinga. Det er eit område eigarane av helseforetaket sjølv må ta omsynt til jf. grøn stipla linje på kartet i verneplanen. Tiltak på dette området vert difor ikkje ein del av denne sakshandsaminga.

Riksantikvaren meiner det ligg føre eit særleg tilfelle. Det er naudsynt med betring av trafikksituasjonen for gåande og syklende for denne strekninga langs Vievegen. Veganlegget er ein del av den heilskaplege trafikkplanen Førdepakken der Førde ynskjer å vere ein god sykkelby. Tiltaka i Vievegen vil vere ein del av hovedsykkelvegen. Reguleringsplanen vart vedteken i kommunestyret 16.2.2017. Klage på planvedtaket har vore handsama av kommunestyret og Fylkesmannen tok ikkje klagen til følgje.

Alternativ som har vore drøfta

I planarbeidet tilrådde Riksantikvaren alternativet med gang-sykkelveg på autsida av Vievegen, men det blei av økonomiske grunnar ikkje vedteke. Alternativet med gang og sykkelveg gjennom parken, dvs skild frå vegen var fremma i plansaka, men gang- og sykkelveg langs vegbanen vart vedtatt.

Det har vore drøfta alternative tilpassingar mellom valt vegløyasing og parken. Alternativa har vore murkant, vanleg bratt fylling/skjæring eller jamn slak overgang mellom park og gang-sykkelveg.

Riksantikvaren har bedt om at snørydding, salt og avrenning frå vegen ikkje kjem inn i parken. Dette må det gjerast avtaler om vegvedlikehaldet for å sikre at snø frå veganlegget ikkje kjem inn i parken. Gang- og sykkelvegen vil få fall mot grøft mellom gang-/sykkelveg og bilveg.

Naturmangfaldet

Ved offentleg utøving av mynde som omhandlar naturmangfald skal prinsippa i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) leggjast til grunn, jf. lovens § 7.

Den 11.12.2018 blei det gjort søk i Naturbase og Artskart i Artsdatabanken.

I Artskart er det ikkje registrert raudlista arter i området som vil bli omfatta av tiltaket. Eit søk i Naturbase syner at det heller ikkje er registrert utvalde eller viktige naturtypar og kulturlandskap, eller artar nær tiltaksområdet som det er av nasjonal interesse å forvalte.

Det er registrert ein førekomst av den risikovurderte arten rødhyll (*Sambucus racemosa*) i tiltaksområdet, men funnet er ikkje kvalitetssikra. Rødhyll vert vurdert å ha svært høg økologisk risiko, jf. observasjon av artar i Artsdatabanken.

Riksantikvaren krev at arealet som tiltaket omfattar skal plantast til i samsvar med intensjonene i den opphavlege parkplanen. Det vil krevje nyplanting av sembrafuru (*Pinus cembra*) ein art

som av Artsdatabanke er vurdert å ha høgt invasjonspotensiale, men låg negativ økologisk effekt. Arten er ikkje omtalt i vedlegga til forskrifta om framande organismar, og kan dermed plantast ut.

Etter det Riksantikvaren kan sjå, vil ikkje vedtaket om dispensasjon påverke naturmangfaldet negativt.

Andre forhold

Statens vegvesen har direkte heimel til å oreigne areal til trafikkføremål. Riksantikvaren har gjeve råd til Helse Førde til å halde fram med å eige arealet som no blir opparbeidd til trafikkføremål. Fredinga av denne delen av parken blir ikkje oppheva ved dette dispensasjonsvedtaket. Dersom det i framtida skulle syne seg at det likevel ikkje er behov for veganlegget, kan parken tilbakeførast til opphaveleg breidde.

Grunneigar kan gjere avtale med vegvesenet om andre kompensierende tiltak utanom det freda området som følgje av at parken etter endringa blir mindre i areal. Dette vil i så fall kome i tillegg til vilkåra gjeve i dette vedtaket og ikkje vere kulturminnestyresmakta si sak.

Klagehøve

Vedtaket kan klagast inn til overordna forvaltningsstyresmakt, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal sendast til Riksantikvaren innan tre veker har gått etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Om Riksantikvaren ikkje tek klagen til følgje, blir ho sendt vidare til Klima- og miljødepartementet som gjer vedtak i saka med endeleg verknad.

Beste helsing

Bård Langvandslien(e.f.)
seksjonssjef

Anne Midtrød
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjend

Vedlegg: Ortofoto, Illustrasjonsfoto fyllingsfoto, Foto av snuplassen.

Kopi til: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER/ Førde kommune, Postboks 338 , 6802 FØRDE/ Sykehusbygg HF, Postboks 6245 Sluppen, 7488 TRONDHEIM

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Helse Førde HF		Førde	6807 FØRDE
Statens vegvesen - Region vest		Askedalen 4	6863 LEIKANGER